

Utdrag frå vedtatt planprogram:

KAP 5.2 Føringar for innspel til arealdelen:

Det er viktig å kunne sile og prioritere innspel som ein får inn til planarbeidet. Av erfaring kan det vere mange ønskjer om td utbygging som i ulik grad er tilpassa ønskja utvikling og nivå på innspel kan variere sterkt. Planprogrammet fastset difor kva føringar ein skal ha for arbeidet med å vurdere innspel:

Prioritering av innspel til nye utbyggingsområde:

- _ fortetting/utviding framfor opning av nye område (sjå elles punkt 4)
- _ høg grad av fellestenking
- _ god skildring av konseptet
- _ fokus på grunneigarsamarbeid
- _ vektlegging av universell utforming og klimatilpassing
- _ vektlegging av ROS, dvs ta omsyn til risiko-og sårbarheit
- _ hytte-og bustad felt i nærleik av sjø må påvise plass til båthamn
- _ tilrettelegging for allmenne omsyn og omsyn til naturkvalitetar.

1.Kun behov for mindre revisjon og planteknisk endring av planen.

Ta omsyn til gjeldande plan – ikkje legg opp til omfattande endringar. Der det vert lagt inn endringar, må ein også innarbeida omsyn til nyare regionale planar.

2. Bustader: Vidareføre dagens strategi, med felt og LNF-spreidd.

Men det skal vere område for spreidd bustadygging i alle grender i kommunen. Behalde det som er inne planen + fortetting i Hjelmeland, Fister, Årdal.

Ynskjer meir bustadbygging og må difor planleggja ut i frå det, dvs positiv innstilling til å vurdere alle innspel.

3. Næringsområde: Behovsvurdering av ev nye område både på sjø og land.

4. Hytter: Ikkje behov for særleg fleire hyttefelt i perioden. Vidareføre dagens strategi, dvs hytter i felt med plankrav. Føringar i forhold til vurdering av nye felt; føremålstenleg forvaltning av arealet i strandsona. Fortetting skal vurderast, men ikkje vera til hinder for nye område. Fokus på fellesanlegg og allmenne omsyn, prioritering av grunneigarsamarbeid mm. Skal ein få gjennomslag ift nye hyttefelt må krav til utgreiingar vere tilfredsstillande.

5. Råstoffutvinning: Klargjere korleis Regionalplan byggeråstoff Ryfylke er førande for nye uttaksområdet. Sjå dette i samanheng med næringsområde i punkt 3, samt kartlegging frå Norstone.

6. Havbruk: Havbruk er ei av dei viktigaste næringane i kommunen, me må ha større fokus på dette i kommuneplanen.

7. **Landbruk.** Leggje til rette for at landbruket framleis vert ei viktig næringsgrein i kommunen. Stimulera til nydyrking og drenering av eksisterande areal. Formålstenleg forvaltning av jordbruksjord og jordvernet.

8. **Natur og friluftsliv:** integrere nyare kartlegging i planen + kvalitetsikre dei prioriterte områda me alt har inne i planen. Klargjere ift føringar i ny Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning . Integrere ny "barnetråkk"-registrering som omsynssoner.

9. **Kulturminne:** integrere delar av Kulturminneplanen inn i plankart/føresegner.

10. **Kommunikasjon/samferdsel:** avklare hovudfartsårene gjennom kommunen/RV13 Kommunen skal jobbe aktivt for ein fergefri RV13 gjennom Ryfylke, herunder fergefri kryssing av Jøsenfjorden.

Føringane er vedtatt av kommunestyret 21.juni 2017

